

# Årsmøte i Hadeland dialekt- og mållag, møtebok

måndag 27. februar 2017 kl. 1800-1900

Granavolden Gjæstgiveri, møterom St. Petri.

Til stades ved opninga: Mari Svenbalrud, Vemund Viken, Torill Nedberge Klevmark, Gunvor Kjendlie og Reidun Sørensen.

Helge Midttun og Else Randi Kvåle deltok frå sak 5 Rekneskap 2016.

Alle vedtaka var einstemmige.

## Til saklista

### 1. Opning

Leiar Reidun Ramse Sørensen ønska vel møtt og ba om at alle reiste seg for å minnst Aase Lynne og Ingerid Berntsen som døydde i februar 2017, med eit minutt stille.

### 2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste er godkjent.

### 3. Val av ordstyrar og møteskrivar

Vedtak: Ordstyrar Torill Nedberge Klevmark og møteskrivar Reidun R. Sørensen.

Torill Nedberge Klevmark tok over møteleiinga.

### 4. Årsmelding 2016

Styret sitt framlegg til årsmelding for 2016 var lagt ved innkallinga. Ordstyrar Klevmark gjekk igjennom avsnitt for avsnitt og gjorde merksam på ei retting: Forfattaren heiter Asbjørn Rydland.

Vedtak: Årsmeldinga er godkjent med denne rettinga.

### 5. Rekneskap 2016

Resultatrekneskap og balanse ligg ved innkallinga. Kasserar Midttun kommenterte rekneskapen og svara på spørsmål. Konto kalla «Beholdningsendring» er endringar i varelaget. «Beholdningsendring» for åra 2015 og 2016 til saman = «Beholdning» i balansen. «Offentlige avgifter» i balansen er skuldig meirverdiavgift.

Revisor har anbefalt årsmøtet å godkjenne rekneskapen og revisjonserklæringa vart delt ut i møtet.

Vedtak: Rekneskapen er godkjent.

### 6. Arbeidsprogram 2017

Styret sitt framlegg til arbeidsprogram låg ved innkallinga.

Vedtak: Arbeidsprogrammet er godkjent.

### 7. Årspengar 2018

NM har sett årspengar for år 2018 for medlem til kr 290 og for familiemedlem kr 145.

Tilrådd sats for lokallaga er kr 40 for baa. Medlemskontingenten vi betalar til NM er summen av medlemspengar til lokallaget vårt, til Austmannalaget og til NM.

Vedtak: Årsmøtet vedtek 40 kr som årspengar til lokallaget for 2018 for medlem og familiemedlem. Det blir som for år 2017.

## **8. Forslag**

Styret foreslår ei symbolsk godtgjering til Helge Midttun og Gunvor Kjendlie for arbeidet dei har hatt med salet av «Dialekttempen for Hadeland» i 2016. Dei to har gjort ein ekstraordinær dugnadsinnsats som går langt utover det som er forventa. Vemund Viken foreslo følgjande tillegg: Årsmøtet takkar Helge, Reidun og Gunvor for god innsats.

Vedtak: Årsmøtet vedtek å utbetalt godtgjering for 2016 til Helge Midttun med kr 2.000 og til Gunvor Kjendlie med kr 500. Årsmøtet takkar Helge, Reidun og Gunvor for god innsats.

## **9. Budsjett 2017**

Kasserar Midttun la fram forslag til budsjett og svara på spørsmål. Det vart litt diskusjon om konto for «Beholdningsendring», og den usikre omsetninga i år. Ei endring kom fram i møtet: Konto Styregodtgjering rettast frå kr 4500 til 2500 som årsmøtet nettopp har vedteke.

Vedtak: Budsjettet for 2017 er vedteke.

## **10. Val**

Valnemnd har vore Aase Lynne og Ole Gunnar Monsen.

Ole Gunnar Monsen hadde bedt om fritak pga sjukdom, og Aase Lynne døydde frå oss. Delar av styret har fullført arbeidet og funne ei samansetning som gjer at styret kan ta tilbake rekneskapsføringa frå Hadeland Rekneskap AS og få rekneskapan ført minst like bra og spare store utgifter: Ny medlem Einar Raastad tek på seg rekneskapsføringa og tidlegare kasserar Midttun tek over som revisor.

Forslag til tillitsvalde vart lagt fram i møtet og vart vedteke, med tre styremedlemmer som valnemnd.

### Vedtak:

Leiar Reidun Ramse Sørensen, attvalt for 1 år

Nestleiar Elsa Randi Kvåle (var ikkje på val)

Skrivar Reidun Ramse Sørensen, attvalt for 2 år

Kasserar Einar Raastad, ny for 1 år

Styremedlem Torill Nedberge Klevmark, attvalt for 2 år

Styremedlem Mari Svenbalrud, ny for 1 år

1. vara Gunvor Kjendlie, ny for 1 år

2. vara Vemund Viken, attvalt for 1 år

3. vara Helge Midttun, ny for 1 år

Revisor, ettersynsmann Helge Midttun, ny for 1 år

Val av to utsendingar til årsmøtet i Austmannalaget: Ingen

Val av ein utsending til Landsmøtet i Noregs Mållag i 2018: Styremedlemmer i same

rekkefølge som i vedtektene

Signatur: To styremedlemmer i fellesskap

Prokura: Einar Raastad og Reidun R. Sørensen kvar for seg

Valnemnd: Else Randi Kvåle, Helge Midttun og Mari Svenbalrud, alle for 1 år

Klevmark heva møtet.

Sørensen takka Klevmark for framifrå møteleiing og takka Midttun som går ut av styret, med ein bukett roser.

.....

.....

.....  
Torill Nedberge Klevmark

.....  
Reidun Ramse Sørensen